




Datolitt xx med fluorapofyllitt. 4×2 cm. Foto: R. S. Selbekk. Samling S. A. Kleivane



Fluorapofyllit xx. Kalsitt xx. 8 cm bredd 4,5 cm høy. Foto: R. S. Selbekk. Samling S. A. Kleivane

Steingal rallar

Av Svenn Arve Kleivane

Set på ein tunnellastemaskin i Bergsdalen i Hordaland på veg inn i ein vanntunnel. I nokre hektiske sommarmånader skal han sprenjast dobbel så stor. Eg kjenner framleis trykkbøljane i øyrene etterat salva gjekk. Har nett passert riggen som var på veg ut. Eit støyt i fløyta og eit breit glis under hjelmen frå ein likesinna (steingalen) arbeidskamerat kunne berre bety ein ting, dei hadde merka noko på boringa, kanskje hadde boret råka på eit holrom?

Pulsen stig. Eit blikk bakover i tunnelen registrerer at lastebilane er hakk i hel, det passar dårlig, skulle gjerne hatt ti minutt for meg sjølv på stuffen før lasting av denne salva. Byrjar å sope saman steinen som har spruta utover. Der ved venstre veggen er vegbanen full av kloritt. Eg hoppar ned av maskina medan første lastebilen snur, kjører nevane ned i kloritten og finn to harde klumper som eg stikk under kjeladressen imens eg klarter oppatt på maskina. Så laster eg første lasset og imens lastebil nummer to ryggar på plass grep eg kloritten av klumpene. Ein 8 cm stor røykkvarts og ein forunderleg samanvokster av grøne krystallar som eg aldri har sett før. Byrjar å saumfara veggane med augo mens eg lastar. Så omlag to meter opp i venstre veggen ser eg ein 40 cm stor runding med kloritt, og øverst ein opning – holrom – druse!

Ein lastebil er forsinka innatt, det gjer meg litt tid, så eg hopper ned og lyser inn i drusa. Det blinkar i blanke, brune og rosa krystallar halvannen meter innover. Lastebilane kjem igjen og arbeide må gå føre alt når du har hard akkord og byggherren truar med å støypa igjen å setja vatten på når tidsfristen er ute. Same om me ikkje er komen utatt. Same natt etter arbeidstid grov me fram store klumper med ulike krystallar. Det var apofyllitt, ein og annan rosa flusspat. I kloritten låg

det terningar med negative klorittfylte apofyllitt xx.

Vel ute igjen etter eit langt skift under jorda var det godt å fylla lungene med luft full av sot lukt frå nysprett fjellbjørk. Morgonsola som var komen på snøskavlane i bratthenga på andre sida av dalen fekk meg til å tenkja på rosa flusspat som eg hadde grave ut av drusa fleire kilometer inn i fjellet bak meg.

Mineraler fra ovanntunnelen i Bergsdalen.

Av Rune S. Selbekk

Et av fjarårets beste mineralfunn ble gjort under utvidelsen av en vanntunnel i Bergsdalen. Flere av mineralstuffene som ble funnet er blant de beste som noen gang er funnet i vårt land. Mineraldrusen er i en metadacitt som er tydelig utlutet. Bergarten er vanligvis mørk, men er gråhvit rundt selve drusa.

Datolitt opptrer som gule flaterike krystaller. Den største krystallen er $4 \times 2 \times 1,3$ cm, og er delvis dekket av fluorapofyllitt. Noe